



Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

Protokoll frå årsmøte i Stiftinga Nordgardsløa 18. april 2018

Frammøtte representantar:

Jørn Kleiva, Kristent Fellesskap

Leif Johnsen, Meland kommune (styremedlem)

Sigurd Knudsen, NFU

Aslaug Haugland, Mental helse

Haakon Aase, Meland Mållag

Bjørnar Langeland, Meland Mållag

Torbjörg Eitrheim Bergersen, Meland kommune (årsmøtere representant)

Per Audun Heskestad, Meland Sokneråd

Åge Nygård, Kristent Fellesskap

Tor Ryland, (Rekneskapsfører)

Gunn Krokeide, (Nordhordland Røder Kors og vertskap)

Sakliste.

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Sak 2. Godkjenning av dei frammøtte representantane.

Sak 3. Godkjenning av referat årsmøte 2017.

Sak 4. Val av to representantar til å underskrive møteboka.

Sak 5. Val av ordstyrar.

Sak 6. Val av skrivar.


Sak 7. Årsmelding 2017.

Sak 8. Rekneskap 2017.

Sak 9. Budsjett 2018.

Sak 10. Innkomne saker.

Sak 11. Val. (Innstilling frå valnemda)



Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 2. Godkjenning av dei frammøtte representantane.

Alle frammøtte representantar vart godkjende.

Sak 3. Godkjenning av referat årsmøte 2017.

Leiar Jørn Kleiva las gjennom referatet. Det vart godkjent utan kommentarar.

Sak 4. Val av to representantar til å underskrive møteboka.

Til å underteikna møteboka vart desse valde:

Åge Nygård

Per Audun Heskestad

Sak 5. Val av ordstyrar.

Til ordstyrar vart Jørn Kleiva vald.

Sak 6. Val av skrivar.

Til skrivar vart Bjørnar Langeland vald.


Sak 7. Årsmelding 2017.

Jørn Kleiva las gjennom årsmeldinga for 2017. Det vart lagt vekt på det gode arbeidet Siren og Tor Ryland saman med Alvhild og Gisle Aarhus har gjort gjennom mange år. Me er og godt nøgde med at Tor har teke på seg rekneskapen ei stund til og at me har fått inn Gunn Krokeide som vertskap. Meldinga vart teken til etterretning.

Sak 8. Rekneskap 2017.

Tor Ryland gjekk gjennom rekneskapen og revisjonsberetninga. Rekneskapen er sett opp på same måte som i eit aksjeselskap. I 2017 var det ei vesentleg auke i utleige. Inntektene her vart kr 203.500, ein oppgang frå året før på kr 43.300. Dette har auka kostnadene, særleg då for vask. Ellers var det ikkje vesentlege avvik frå budsjett.

Løa skal avskrivast med 3% i året. For 2017 vart dette kr 42.198. Etter dette viser året eit underskot på kr 27.542. Balansen viser sum eigendelar på kr 1.588.065. Av det er verdien av løa kr 1.414.428.



Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

Tor og Jørn informerte og om følgjande:

Når ein leigar ut for meir enn kr 140.000, vert ein skattepliktig for overskotet. No har ikkje Løa overskot, men dette likevel er noko me må følgja med i. Tor vil ta dette opp med skattemyndigheitene og søkja om unntak.

Stiftelsestilsynet meiner at med må få heimel til løetomta. Jørn og Tor har hatt møter med kommunen om dette. Ei overføring av tomte vil auka verdien monaleg og vil kunna få skattemessige konsekvensar. Det vil kanskje vera betre med ei langsiktig festekontrakt. Det som er viktig er at me har bruksrett til tomte og at ei endring ikkje vil auka kostnadene våre. Det vil og vera viktig at me får denne saka i orden før kommunesamanslåinga. Styret vil arbeida vidare med denne saka.

Rekneskapen vart teken til etterretning.

Sak 9. Budsjett 2018.

Tor gjekk gjennom framlegg til budsjett. Budsjettet er nøkternt, med ein nedgang i utleige til kr 185.000. På kostnadssida er den største posten, utanom dei faste postane, ny kjøp på taket.

Spørsmålet om ei eventuell auke i antal lag i Løa vart diskutert. Til dømes vurderar Jazzkafeen om dei skal søkja medlemskap. Eit anna spørsmål som har vore oppe før, er om lag som har tilskipingar som gjev inntekter, skal måtta betala for vasken sjølv.

Det vart ikkje noko konklusjon på desse spørsmåla, men styret vil arbeida vidare med dei.

Budsjettet for 2018 vart teke til etterretning.

Sak 10. Innkome saker.

Det var ikkje kome inn saker for handsaming.

sak 11. Val. (Innstilling frå valnemda)

Dette styret vart valt:

Styremedlemer:

Jørn Kleiva. Kristent Fellesskap 1 år

Aslaug Haugland. Mental helse 2 år


Bjørnar Langeland. Meland Mållag 1 år

Vara:

Eivind Myrtveit. Nordhordland Jakt og Fiskelag 1 år

Sigurd Knudsen. NFU avd. Meland 2 år

I tillegg representerer Leif Johnsen Meland kommune i styret. Han har Beate Eknes som personleg vara. Dei er utpeika av kommunen for valperioden.



Nordgardsløa Org.Nr. 985 154 171. Stiftet 1989.

Årsmøtet slutt.

Ymse

Det vart opplyst at koret Oktavia er på veg ut.

Det vert dugnad 2. og 9. mai kl 1800. Der viktig at så mange som mogleg stiller.

Bjørnar Langeland

Skrivar

Åge Nygård

Per Audun Høskestad